

**PROTOKOLL**  
**MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND**

<b>Møte:</b>	<b>8/2013</b>
<b>Tid:</b>	<b>Fredag 1. november kl. 09:00 – 15:30</b>
<b>Stad:</b>	<b>Radisson Hotel Norge, Bergen</b>

**Til stades:**

<b>Ordfører:</b>	Jon Askeland, Kari Foseid Aakre, Nils Marton Aadland, Hallvard Oppedal, Knut Moe (til 13:15), Per Lerøy, May Eva Sandvik (varaordfører Lindås), Marit Steinestø (varaordfører Masfjorden)
<b>Rådmenn:</b>	Øistein Søvik, Ingvild Hjelmtveit, Odd Ivar Øvregård, Jarle Landås, Vidar Bråthen, Svein Helge Hofslundsengen, Reidun Halland, Jan Olav Osen
<b>NUI:</b>	Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss (sak 78-80/13) og Anne Hildegunn Færøy (sak 78-82/13)
<b>Andre:</b>	Anja Kristin Salte Helseth, Telemarksforsking (sak 80/13), Inger Grete Strømme, Ungt entreprenørskap Hordaland, og Vivian Kårbø, NHIL (sak 81/13), Reidun Sæbdal, Lindås kommune (sak 82/13), Pål Kårbø og Helge Hopen, Nordhordlandspakken AS (sak 86/13)
<b>Forfall:</b>	Karstein Totland, Kristin Handeland, Astrid Aarhus Byrknes, Øivind Olsnes

<b>Sak 78/13</b>	<b>Godkjenning, møteinnkalling og sakliste</b> Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
<b>Sak 79/13</b>	<b>Godkjenning, møteprotokoll møte 7/2013</b> Møteprotokollen frå møte 7/2013 vart godkjent utan merknadar
<b>Sak 80/13</b>	<b>Kommunestruktur 2015 – oppsummering etter Nordhordlandstinget. Prosess vidare (vedlegg)</b> Anja Kristin Salte Helseth frå Telemarksforsking (TF) presenterte ei oppsummering etter gruppearbeidet i Nordhordlandstinget (NT) og la fram forslag til vidare prosess. Når det gjeld oppsummeringspunkta – sjå vedlagte presentasjon frå TF.  <b>Drøfting:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Jon Askeland viste til at det var sterke signal i NT om at kommunane er positive til å vurdere om ein berre skal gå vidare med utgreiingsløpet. Imidlertid er det vanskelig å bestemma at ein ikkje skal gå vidare med å utgreia samarbeidsløpet. Samtidig er det er vanskeleg å sjå at ein kan utgreia dette løpet vidare før me veit meir om kva kommunar som eventuelt vil gå saman med kven. Og om det blir ei løysing med ein, to eller tre større kommunar. Men det er spanande for det vidare arbeidet at deltakarane på NT signaliserte at dei fleste var positiv til å gå vidare med utgreiingsløpet.</li> <li>▪ Anja Kristin Salte Helseth viste til at dette er rett, men at det no er viktig med ein god prosess, der også lokalpolitikarane kan koma med sine innspel.</li> <li>▪ Nils Marton Aadland viste til plattformen til ny regjering, og at denne må takast omsyn til i det vidare arbeidet.</li> <li>▪ Hallvard Oppedal synest det er interessant å gå vidare med utgreiingsløpet, men at ein må</li> </ul>



sjå på ulike modellar med andre løysingar enn berre ein storkommune.

- Kari Foseid Aakre var enig med Hallvar og at berre utgreiing av storkommune kan vera eit feilsteg.
- Marit Steinestø påpeika at ein må få belyst konkrete konsekvensar for økonomi og tenester.
- Per Lerøy var positiv til utgreiingsløpet, men peika på viktigheita av å setja innbyggjarane og deira behov for tenester i fokus. Kommunegrensar kan setjast i forhold til kva som er tenleg når det gjeld tenesteleveranse og behov hos innbyggjarane. Ein må vera dønn ærlege overfor innbyggjarane, og ein må ikkje skapa urealistiske forventningar. Ein må visa til løysingar og konkrete konsekvensar av dei.
- Knut Moe var enig med Per Lerøy, og at synest det er viktig at ein går for det som er signalisert – utgreiingsløpet, men var redd for korleis ein tilnærmar seg vidare prosess og at ein teiknar kommunegrensar før dette er godt nok utgreidd. Tenesteproduksjon og innbyggjarane sine behov må stå fremst.
- Odd Ivar Øvregård meinte at det er for enkelt å setja tenesteproduksjon som einaste kriterie. Det er like viktig å sjå på utvikling og tenkja strategisk om korleis framtida blir i forhold til kompetanse- tenestebehov. Korleis gjera kommunane førebudd til å møte framtida?
- Anja Kristin Salte Helseth viste til at fleire faktorar som økonomi, tenestetilbod, demografi og utvikling skal vurderast.
- May Eva Sandvik meinte at alle bør vera med i utgreiingsløpet, og at kost/nytte må vurderast nærare.
- Per Lerøy meinte at ein ikkje skal sjå på økonomi i denne fasen, men korleis ein skapar dei mest kompetente og leveringsdyktige løysingane?
- Nils Marton Aadland peika på at intensjonen med vidare arbeid ikkje er økonomi, men å levera betre tenester.
- Hallvard Oppedal minna om lokaldemokratiet – og kva som skjer med dei små kommunane sitt høve til å påverka lokale behov?
- Kari Foseid Aakre minna om kva er viktigast for innbyggjarane våre - skule, barnehage og PLO – og om dette vert betre om kommunane slår seg saman?
- Jon Askeland viste til at regjeringa har meldt at noko skal skje. Det blir endringar – kommunestrukturen blir endra. Vår oppgåve er å vurdere korleis ein løysar dette best i vår region. Dersom ein ikkje gjer noko, kan ein risikera at kommunekartet for Nordhordland vert teikna frå nasjonalt hald.
- May Eva Sandvik viste til kontaktar inn mot sentrale politikarar – og om Nordhordland kunne vera ein ”pilot” på nasjonalt hald. Dette er formidla inn til KRD.

#### **Forankring, tidsplan og prosess – sjå presentasjon.**

- NUI har prosjektleiinga og er limet mellom kommunane og TF.
- TF tilrådde at ein inviterer til ope måte i desember der alle kommunar er invitert i staden for ei rundreise til alle kommunane som NUI hadde beskrive i anbodet. Etter diskusjon vart dette nedstemt av rådet. Ordførarane kan sjølv ta ei orientering til kommunestyra
- Det var ønske om at det vert utarbeidd ei felles informasjon / presentasjon til kommunane (løypemelding + skisse til vidare prosess). Dette vil TF levera saman med rapporten.
- Kommunane skal i første runde ta stilling til om ein skal vera med i vidare utgreiingsløp (februar / mars 2014)
- I neste fase (2.2) vil det bli dybdeintervju og breiare prosess i kvar kommune
- Slik regelverket er no, vil me ikkje få statlege skjønsmidlar (frå KRD og fylkesmann)for kommunane gjer meir bindande politiske vedtak om å gå for eit utgreiingsløp. Midlar til noverande fase i prosjektet (2.1) er forskotert av NUI.

	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Midlane ein kan få gjennom skjønsmidlar vil pr. d.d. utgjera 40-60 % av kostnadar til vidare utgreiing av samanslåingsprosessen.</li> <li>▪ Viktig at kommunane si bruk av tid i prosjektet vert registrert og lagt til grunn for kommunane sin eigenandel i noverande og vidare arbeid.</li> </ul> <p><b>Konklusjon:</b> Det skal lagast eit felles saksframlegg til kommunane med avgjerd om å gå inn i utgreiingsløpet. Saka må visa til at det er rom for ei differensiering og at fleire løysingar vert vurdert. Det er viktig å bruka tid i prosessen. Det må koma fram at kommunane kan trekka seg ut undervegs.</p>
<b>Sak 81/13</b>	<p><b>Presentasjonen - arbeid med entreprenørskap ut mot skoler i regionen</b> (vedlegg) Inger Grete Strømme, Ungt entreprenørskap Hordaland, og Vivian Kårbø, NHIL orienterte. Fyrst kort om Ungt Entreprenørskap generelt som progresjonsmodellen, kommunepakken (kreativitet, bedriftsetablering og karriererettleiing), elevbedrift m.v. Deretter kom ein meir inn på status for entreprenørskap lokalt, samarbeidsavtale og kommunemedlemskap m.v.</p> <p>Kort oppsummering:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Vivian Kårbø påpeika at dei fleste er skular er positive, men at ein i litt for stor grad er prisgitt interessa til lærarane. Ein ser også at sjølv om kommuneleiinga er positive til dette, når det ikkje alltid fram til rektor og til lærarane. Her skulle ein ynskja at kommuneleiinga fylgjer dette litt tettare opp bl.a. i rektormøta.</li> <li>▪ Vivian Kårbø meinte at ein no bør ta seg ein ny runde og møta i rektormøte, og dette er no avtalt i fleire kommunar.</li> <li>▪ Ein ser også ofte at det er ein barriere for skulane å ringa til ei verksemd.</li> <li>▪ Vidare er det litt skuffande at Austrheim VS og Knarvik VS ikkje har ungdomsbedrift dette skuleåret, men at Osterøy VS no er godt i gang på 3.året. Det hadde vore veldig fint om alle hadde hatt ungdomsbedrift som valfag. Ungdomsbedrift har mykje å seia for mange når det gjeld seinare karriere- og yrkesval. Ein ser også at det er dobbelt så høg etableringsrate blant dei som har hatt elevbedrift.</li> <li>▪ Me treng unge gründerar i regionen, og erfaringane så langt er gode. Det vart vist til gründercamp. på ungdomstrinnet i Masfjorden og positive erfaringar her i frå.</li> <li>▪ Materiell m.v. frå Ungt Entreprenørskap er utarbeida og klar til bruk for den enkelte lærar. Det er viktig at lærarane blir gjort kjent med dette. Bruk <a href="http://www.ue.no">www.ue.no</a> for informasjon.</li> <li>▪ Ein ynskjer ein kontaktlærar for entreprenørskap på kvar skule, send gjerne kontaktpersonen sitt namn og e-post adr. til Vivian Kårbø på <a href="mailto:vk@nhil.no">vk@nhil.no</a>.</li> <li>▪ Kari Foseid Aakre peika på at programmet «Vårt lokalsamfunn» kjem på litt feil tidspunkt, mai er ein svært travel månad, mars / april vil vera mykje betre.</li> </ul> <p><b>Oppfølging/konklusjon:</b> Regionrådet er svært positiv til dette arbeidet. Alle tek dette med tilbake til eigen kommune og sjekkar ut kor ein står i forhold til dei ulike programma. Deretter melder alle tilbake til Rune som bringer det vidare Vivian Kaarbø.</p>
<b>Sak 82/13</b>	<p><b>Samhandling psykisk helse med vidaregåande skule</b> (vedlegg) Reidun Sæbdal, Lindås kommune la fram saka og presenterte bakgrunn for tiltaket, samt kva ein har oppnådd med prosjektet. Sjå vedlagte skriv. Det vart peika på at det er vertskommunen som har ansvaret for helsetenesta i sin kommune. Lindås kommune viste til at dei har ei vel fungerande SALTO-prosjekt, og at kommunen er</p>

	<p>skeptisk til å overta andre sine prosjekt eller setja i gong nye prosjekt. Det vart og peika på at samhandlingsproblem innad i spesialisthelsetenesta må løysast av dei sjølve.</p> <p><b>Vedtak:</b>   Regionrådet slutta seg til Lindås kommune si tilråding i saka.</p>
<p><b>Sak 83/13</b></p>	<p><b>Forslag til styre representantar Helse Bergen HF</b>  Det var kome innspel til kandidatar frå Fedje kommune og Masfjorden kommune.</p> <p><b>Vedtak:</b>   Regionrådet vedtok å føreslå desse kandidatane frå Region Nordhordland til styret i Helse Bergen HF.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ Gisle Handeland</li> <li>✓ Håkon Matre</li> <li>✓ Mabel Johansen</li> <li>✓ Ingvild Hjelmtveit</li> </ul> <p>Merknad: Ingvild Hjelmtveit vart fremja som kandidat under handsaming av saka i møtet. I ettertid viser det seg at Ingvild Hjelmtveit ikkje er valbar iht. retningslinene frå Helse Bergen HF då kandidatane må vera noverande eller tidlegare folkevalte. Dette vart dessverre ikkje fanga opp i møtet. Ho vert derfor ikkje fremja som kandidat frå Region Nordhordland. Regionen vil derfor føreslå desse som kandidatar: Gisle Handeland, Håkon Matre og Mabel Johansen.</p>
<p><b>Sak 84/13</b></p>	<p><b>Høyringsaker som vedkjem den enkelte kommune og regionen.</b>  Jon Askeland viste til sak der Nordhordland digitalt (ND) skreiv høyringsuttale til Plan- og bygningslova utan at denne var tenkt innom kvar enkelt kommune og t.d. politisk handsaming.</p> <p>Det vart litt diskusjon, bl.a. om dette i dag faktisk ligg innanfor avtalen / mandatet til ND sjølv om det ikkje burde gjera det. Dei fleste var ikkje komfortabel med at ND kunne senda høyringsuttale på denne type plansaker. Dei må gjerne koma med ein fagleg uttale internt, men når det er «politikk» i sjølve saka, må den i alle fall leverast kvar enkelt kommune og så må dei kvar for seg ta med moment som ND spelar inn.</p> <p>Det vart vist til at rådmennene ved Odd Ivar Øvregård saman med Rune Heradstveit allereie har bestemt å ha eit møte og gjennomgang med ND for å avklara formelle sider ved samarbeidet.</p> <p>Når det gjeld høyringar generelt, er det viktig så tidleg som mogleg å bestemma kven som har ansvar for høyringar, ikkje minst visst regionen skal laga eigen høyringsuttale eller slutta seg til andre sine.</p>
<p><b>Sak 85/13</b></p>	<p><b>Status frå utvala.</b></p> <hr/> <p><b>Kulturutvalet</b>  Ikkje noko nytt å melda.</p> <hr/> <p><b>Næringsutvalet</b>  Nils Marton Aadland orienterte om status for drift av båt mellom Knarvik / Frekhaug og Bergen, og satsar som fylkeskommunen legg til grunn. Tilbodet vert svært bra, og det er no viktig å marknadsføra produktet på ein god måte i regionen.</p> <p>Vidare orienterte han kort om konferanse Plan- og byggesak som NUI og NHIL arrangerte</p>

	<p>saman. Det vart ein bra konferanse som vart positivt teke i mot av dei om lag 70 deltakarane. Konferansen gav eit godt grunnlag for å idare samarbeid mellom kommunane og næringslivet. Det vil bli laga ei oppsummering av konferansen som skal handsamast i styringsgruppa Regionrådet har med NHIL før ein kjem til Regionrådet med den.</p> <p>Når det gjeld Nordhordlandspakken er dette ei eige sak i dag. Jon Askeland viste til at når Eikåstunnelen er ferdig, så vil vegvesenet starta arbeidet med midtdelar på Flatøy. Dette vil skapa nye kø-problem. Det at båten då er på plass, vil vera positivt og til rett tid.</p> <p><b>Helse</b> Helsehuset er fortsatt ei viktig sak i Helseutvalet, elles er saker som Helseutvalet har bedt Regionrådet om å sjå nærare på, på saklista i dag.</p>
<b>Sak 86/13</b>	<p><b>Status Nordhordlandspakken AS</b> Pål Kårbo og Helge Hopen orienterte om status for Nordhordlandspakken, og spesielt status i arbeidet med bompengesøknaden og innhaldet i denne. Søknaden er snart klar og skal handsamast i styremøte måndag 11. november. Status for søknaden og innhaldet i denne, vart teke vel i mot av Regionrådet. Det er viktig no å skapa enigheit og entusiasme lokalt slik at sentrale styresmakter ser at alle kommunar og heile regionen står samla bak søknaden når vert sendt.</p>
<b>Sak 87/13</b>	<p><b>Meldingar og eventuelt</b> <b>Utslepp Fensfjorden</b> Nokre kommunar har fått eit skriv frå naturvernforbundet i Nordhordland om farleg utslepp i Fensfjorden. "Hvor mye skal Fensfjorden tåle?" Det vart diskutert om Regionrådet skulle samla seg om ei høyringsuttale. Per Lerøy meinte at kommunane som er med i Fensfjordplanen bør laga ei uttale og så sluttar Regionrådet seg til denne uttalen. Per tek initiativ til å laga ei uttale på vegne av kommunane og sender denne på e-post til alle ordførar samt til NUI. Rune Heradstveit koordinerer saman med Jon Askeland Regionrådet sin uttale.</p>
	<p><b>Kommande møte:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Neste møte i Regionrådet er møte 9/2013 den 9. desember. Det vert då Representantskap i NHR kl. 09:00 til 10:00, så i NUI 10:00 til 11:00. Regionråd og NHR til fyrst på dagen, slik at Regionrådet kan koma etterpå og bruka den tid dei treng til presentasjon av Telemarksforsking sin rapport.</li> <li>▪ Måndag 25. november er sett av til kommunestruktur.</li> </ul>

Knarvik, 6. november 2013

Jon Askeland (sign)  
Leiar  
Regionrådet Nordhordland

Rune Heradstveit (sign)  
Dagleg leiar  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

**Vedlegg:**

Sak 80/13: Telemarksforsking – oppsummering og vegen vidare  
Sak 81/13: Ungt entreprenørskap Nordhordland  
Sak 82/13: Samhandling psykisk helse med vidaregåande skule